



Bjarne Stensletten vil byggja naust i tre parsellar på ei 100 meter lang strandline aust for Eidsvik Skipsbyggeri.. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Saka om naustprosjektet til Bjarne Stensletten i Uskedalen vart samrøystes utsett for synfaring då den kom opp for forvaltningskomiteen onsdag. Truleg blir synfaringa halde i forkant av neste møte i komiteen (som blir 24. januar) og så kjem saka opp i møtet etterpå.

Rådmannen har i si innstilling gått inn for å nekta dispensasjon frå arealføremålet LNF og vist til forbodet mot byggjing i strandsona. Han meiner at eit naustområde av sin slik storleik som det her er tale om (byggjing av naust i tre parsellar på ei 100 meter lang strandline) bør vurderast i ein oversiktsplan, det vil seia når kommunedelplanen skal rullerast neste gong.